

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/49/43

av 11. februar 2003

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til støvsugarar(*)

[meldt under nummeret K(2003) 114]

(2003/121/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må ein støvsugar høyre inn under den produktgruppa som er definert i artikkel 2, og stette dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Produktgruppa «støvsugarar» skal omfatte alle golvstøvsugarar, som t.d. sylindrestøvsugarar og ståande støvsugarar, som eignar seg til å suge støv på overflatar på minst 10 m² per gong dei vert nytta.

Produktgruppa omfattar ikkje snorlause eller batteridrivne støvsugarar og sentralstøvsugarar.

Artikkel 3

For administrative føremål vert produktgruppa «støvsugarar» tildelt kodennummeret «23».

Artikkel 4

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. april 2003 til 31. mars 2007. Dersom det ikkje er vedteke reviderte kriterium innan 31. mars 2007, skal dette vedtaket gjelde fram til 31. mars 2007.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 11. februar 2003.

For Kommisjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 47 av 21.2.2003, s. 56, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 127/2003 av 26. september 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 64 av 18.12.2003, s. 33.

(¹) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

VEGLEGG

MÅLSETJING

Føremåla med kriteria

Desse kriteria skal særleg føre til

- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- mindre skade på miljøet som følgje av bruk av naturressursar ved å oppmuntre til framstilling av ein støvsugar (heretter kalla «produktet») som har lang levetid, kan attvinnast og er lett å vedlikehalde,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av farlege stoff ved at bruken av slike stoff vert mindre.

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk (så miljøvenleg bruk som mogleg) og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet. Dessutan skal attvinning fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av støvsugarar som har liten innverknad på miljøet.

Krav med omsyn til vurdering og kontroll

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førde opp under kvart kriterium.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er førde opp under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Dersom det er mogleg, bør prøvingane utførast av tilbørleg godkjende laboratorium eller av laboratorium som stettar krava i standarden EN ISO 17025 og har kompetanse til å utføre dei relevante prøvingane.

Når søkjaren skal leggje fram for det rette organet fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet stettar kriteria, kan dette kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta (*NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar*).

KRITERIUM**1. Energiforbruk og sugsevne**

- a) Etter fem strok på eit Wilton-teppe skal minst 70 % av støvet vere fjerna, og energiforbruket skal vere mindre enn 345 Wh.
- b) Etter eitt strok på ein hard golvoverflate slik det er gjort greie for i nr. 5.2 i standarden EN 60312, skal minst 98 % av støvet vere fjerna, og energiforbruket skal vere mindre enn 69 Wh.

Vurdering og kontroll: For kvart av kriteria a) og b) som er nemnde ovanfor, skal søkjaren sende over prøvingsrapportar med opplysningar om den støvmengda som er fjerna i medhald av standarden EN 60312, der prøvingane er utførde med ein tom pose eller støvbeholdar/-tank (alt etter kva som er nytta). Den harde golvoverflata skal vere samansett av laminert furu som ikkje er handsama, eller av ei plate som er minst 15 mm tjukk.

2. Levetid

- a) Motoren skal ha ei levetid på minst 550 timar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter prøvingsmetoden IEC 312 artikkel 19.1 eller standarden EN 60312.

- b) Munnstykket skal ha ei levetid på minst 1 000 trommelomdreiningar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter prøvingsmetoden IEC 312 artikkel 20.1 eller standarden EN 60312.

- c) Slangen skal ha ei levetid på minst 40 000 bøyingar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter prøvingsmetoden IEC 312 artikkel 20.2 eller standarden EN 60312.

- d) Hovudbrytaren skal kunne verke både mekanisk og elektrisk minst 2 500 gonger.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport med opplysningar om kva framgangsmåte som er følgd. Prøva skal utførast på støvsugaren medan munnstykket er fråkopla.

- e) Produsenten skal garantere at støvsugaren verkar i minst to år. Garantien skal gjelde frå datoen for levering til kunden.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein kopi av den garantien som følgjer med produktet.

- f) Det skal garanterast at alle reservedelar som er naudsynte for å sikre at produktet verkar på rett måte, er tilgjengelege i minst ti år rekna frå tidspunktet då produksjonen tek slutt.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon.

3. Attvinningsevne, tilbakelevering og attvinning

- a) Produsenten skal kontrollere demonteringa av produktet og leggje fram ein demonteringsrapport som på oppmoding skal gjerast tilgjengeleg for tredjemann.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med ein kopi av demonteringsrapporten.

- b) Dei elektriske delane skal vere kopla saman mekanisk, slik at demonteringa og attvinninga vert lettare.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon med opplysningar om utforminga av produktet og dei mekaniske koplingane mellom dei elektriske delane. Demonteringsrapporten som skal leggjast fram av søkjaren (slik det er nemnt ovanfor), skal stadfeste dette.

- c) Metalldelane skal vere lett tilgjengelege, slik at demonteringa og attvinninga vert lettare.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon med opplysningar om korleis produktet er utforma og om kor tilgjengelege metalldelane er. Demonteringsrapporten som skal leggjast fram av søkjaren (slik det er nemnt ovanfor), skal stadfeste dette.

- d) Støvsugaren (medrekna munnstykke og slange) må ikkje innehalde bly, kvikksølv, kadmium, seksverdig krom, polybromerte bipfenyl (PBB) og/eller polybromerte bifenyleterar (PBDE), bortsett frå dei som er tillatne i vedlegget til europaparlaments- og rådskonklusjon 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr⁽¹⁾ og seinare endringar av direktivet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon med opplysningar om kva flammehemmande middel som eventuelt er vortne nytta. Fram til det vert fastsett grenseverdier for konsentrasjon av desse stoffa innanfor ramma av det førnemnde direktivet, skal søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane hans gje fråsegn om at desse stoffa ikkje medvite er vortne nytta i støvsugaren eller i nokon av komponentane hans.

- e) Plastdelar skal ikkje innehalde metallinnlegg som ikkje kan skiljast frå kvarandre.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon med opplysningar om kva type metallinnlegg som eventuelt er nytta. Demonteringsrapporten som skal leggjast fram av søkjaren (slik det er nemnt ovanfor), skal stadfeste dette.

- f) Plastdelar som veg meir enn 25 gram, skal ikkje innehalde klorparafin med kjedelengd på 10-13 C-atom, klorinnhald > 50 vektprosent (CAS 85535-84-8).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon med opplysningar om kva flammehemmande middel som eventuelt er vortne nytta.

⁽¹⁾ TEF L 37 av 13.2.2003, s. 19.

- g) Plastdelar som veg meir enn 25 gram, skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller preparat som inneheld stoff som er tildelte eller kan tildelast ei av dei følgjande risikoseiningane: R45 (fare for kreft), R46 (fare for arvelege skadar), R50 (svært giftig for vassorganismar), R51 (giftig for vassorganismar), R52 (skadeleg for vassorganismar), R53 (kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet), R60 (kan skade forplantingsevna) eller R61 (fare for forsterskadar), slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlege stoffer⁽¹⁾ og seinare endringar av direktivet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren og/eller leverandøren til søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon med opplysningar om kva flammehemmande middel som eventuelt er vortne nytta, og tilhøyrande tryggleiksdatablad.

- h) Plastdelar som veg meir enn 25 gram, skal ha varig merking som syner kva materiale dei er framstilte av, i samsvar med standarden ISO 11469.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon.

- i) Produsenten skal, med sikte på attvinning, tilby å ta tilbake produktet og eventuelle komponentar som skal bytast ut, bortsett frå støvposar og filter. Dette skal gjerast utan vederlag, bortsett i tilfelle der lokale eller nasjonale styresmakter har fastsett eit gebyr for dette.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette, saman med relevant utfyllande dokumentasjon.

4. Støy

Støynivået (lydeffekten) skal vere ført opp på produktet, og skal vere høgst 76 dBA (referanse 1 pikowatt).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av den prøvingsmetoden som er fastsett i standarden EN 60704-2-1, og fråsegna om støy skal gjevast i samsvar med den metoden som det er gjort greie for i standarden EN 60704-3. Søkjaren skal gjere greie for korleis fråsegna er utarbeidd.

5. Utslepp av støv

- a) Støvmengda som vert sleppt ut (Q), skal vere høgst 0,01 mg/m³.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av den prøvingsmetoden som det er gjort greie for i standarden EN 60312.

- b) Støvfiltre skal kunne bytast ut og/eller vaskast, og dei skal ha lys farge.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er stetta.

6. Rørslemotstand i munnstykket

Rørslemotstanden i munnstykket (R) skal vere høgst 25 N.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av den prøvingsmetoden som det er gjort greie for i standarden EN 60312.

7. Bruksrettleiing og informasjon

Produktet skal seljast med ei føremålstenleg bruksrettleiing som inneheld råd om miljøvenleg bruk, særleg:

- a) Opplysningar om at den energien som vert nytta under bruk, kan reduserast monaleg dersom støvbeholdaren eller støvposen vert tømd når han er full (*NB: dette kriteriet treng ikkje stettast dersom produsenten kan prove at det ikkje gjeld for det aktuelle produktet*).
- b) Råd om at støvsugaren bør slåast av når han ikkje er i bruk.
- c) Opplysningar om garantien og korleis reservedelar kan skaffast.
- d) Opplysningar om at produktet er utforma på ein slik måte at delar kan attvinnast og difor ikkje bør kastast. Råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av tilbakeleveringsgarantien frå produsenten.

⁽¹⁾ TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

- e) Opplysningar om at produktet er tildelt fellesskapsmiljømerket, med ei kort forklaring på kva dette inneber, og at fleire opplysningar er tilgjengelege på nettstaden <http://europa.eu.int/ecolabel>.
- f) Opplysningar om ulike framgangsmåtar for vedlikehald, særleg byting av støvposar (eller tømning av støvbeholdaren) og filter.
- g) Ein indikator skal syne når posen eller støvbeholdaren er full og må bytast eller tømmast, med mindre dette er klart synleg ved normal bruk.
- h) Opplysningar om vekta til produktet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram eit eksemplar av bruksretteiinga for det rette organet som vurderer søknaden.

8. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- effektiv reingjering, låge støvutslepp, lågt støynivå,
- lågt energiforbruk,
- lengre levetid og betre evne til attvinning.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram ein kopi av miljømerket slik det ser ut på emballasjen og/eller produktet og/eller den medfølgjande dokumentasjonen.
